

# Aust-Telemark vassområde

Kort saksutgreiing til styringsgruppemøtet 21.03.12 (møtet utsatt til 10.04.12)

## **Sak 02.03 Økonomien i prosjektet**

### Rekneskap 2011:

Rekneskapsoversikten (vedlegg 3) viser at overskottet for 2011 var kr. 102.829 (midlar frå eksterne finansieringskjelder). Overskottet er grunna i at FM overførte kr. 51.000 og Tfk kr. 50.000 meir enn budsjettert. Vidare kom bidraga frå Notodden og Vinje kommune for 2010 inn på dette året, saman med innbetalinga for 2011. Frå Buskerud fylkeskommune kom øremerka bidrag på tilsaman kr. 36.250 som det ikkje var budsjettert med.

Overskottet for 2011 er overført til bundne prosjektmidlar. Inkludert overføringane av overskott i 2009 og 2010, er posten bundne prosjektmidlar på kr. 206.023.

Tinn kommune avsette kr. 139.000 i budsjettet for 2011 til prosjektet. Dette beløpet må overførast til prosjektet som øremerka budsjettmidlar i årsoppgjørsaka, og vil bli følgd opp av prosjektleiar. Saman med øremerka budsjettmidlar frå 2010, er denne posten kr. 185.000.

Summen av bundne prosjektmidlar (2009-2011) og øremerka budsjettmidlar (2010-2011) er kr. 391.023.

### Budsjett 2012:

Inntektssida er sett opp i samsvar med budsjettet i prosjektplanen, medan utgiftssida er kr. 86.000 høgare enn budsjettet i planen. Dette er grunna i at prosjektleiar bidrar Fylkesmannen i karakteriseringsarbeidet (kr. 56.000), og på grunn av planlagt arbeid med kunnskapsinnhenting (kr. 30.000). På grunn av bundne prosjektmidlar og øremerka budsjettmidlar balanserer budsettet for 2012 likevel med eit overskott på kr. 305.023.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa godkjenner rekneskapet for 2011 og forslag til budsjett for 2012. Styringsgruppa tek vidare stilling til kor stor del av overskottet på kr. 305.023 i driftsbudsjettet som skal nyttast til å delfinansiere overvåkingsprogrammet som skal starte i vassområdet i løpet av 2012.

## **Sak 02.04 Vesentlege vassforvaltningsspørsmål**

I prosessen med utarbeiding av forvaltningsplan for Vest-Viken vassregion, skal dokumentet "Vesentlege vassforvaltningsspørsmål" for regionen utarbeidast og sendast på høyring. "Vesentlege vassforvaltningsspørsmål" er eit viktig trinn i arbeidet etter vassforskrifta, og handlar om å belyse kva som er dei viktigaste problemstillingane i vassområdet og å skape ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane.

Vest-Viken vassregion v/ vassregionmyndigheita (VRM) skal utarbeide høyringsutkastet "Vesentlege vassforvaltningsspørsmål" etter innspel frå alle vassområda i regionen, og sende det ut på høyring innan 01.07.12.

Innan 1. april skal alle vassområda utarbeide eit dokument over vesentlege spørsmål i vassområdet, som grunnlag for det felles dokumentet som blir sendt på høyring frå regionen. Vedlagt er eit forslag på dokumentet "Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Aust-Telemark vassområde" (vedlegg 7). Det ferdige dokumentet frå vassområdet vil bli lagt ved dokumentet frå regionen når dette skal ut på høyring. Dokumentet er laga etter mal frå VRM.

Innspel frå brukarinteressene og arbeidsgruppa er innarbeida i dokumentet. Referanseliste, vedlegg til rapporten m.m. er ikkje ferdig.

Gjenstående arbeid: Innspel til dokumentet på møtet 21.03 blir innarbeida i dokumentet. Dokumentet blir ferdigstilt med referanseliste, vedlegg, foto m.m. og sendt til VRM innan 1.april.